Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jölster

Emne: Helsing, fakter åtferd

Bygdelag: Stardalen.

Oppskr. av: Sverre Mykkeltvedt

Gard: Veiteberg.

(adresse): Veiteberg.

G.nr. 18 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
bonde Anders K. Veiteberg 70-80 år

SVAR

1. Ein uttrykkjer ja, med å nikke med hovudet, eller å låte etter i samtale og mumle: hm-hm! blinke med auge; late dei att. Kinksja på hovudet, ell. geipa ved nei
2. Før helsa ein på alle ein møtte med „Godt mot" t.d. anten ein kjende vedk. ell. ei. Råka ein kvarandre att seinare på dagen, sa ein eit kvart i staden for helsing. Og denne måten har vorte meir vanleg her etter kvart og som første helsing: Godt ver, iog ell. anna verprat.
Ivegen helsa han som kom til: „Ja, vere i god fred!" - Svar: „Komme so til!" Ein som når att ein annan: „Gå i god fred!" „Komme so til(te)!" ell. berre takk, „Godt mot!" — Svar: „Godt mot!"

3. Skulle helse på dei eldre etter rang. Dei som kjem til laget, helsar fyrst: Vere i god fred, ell.

7637

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„Stå i god fred!" Takk, og so handhelsa dei etter rang – Det vart eit öye tykkjemón om ein gjekk forbi nokon i rang. Helsa dei eldre og far og mor, og so dei yngre og borna. No sa ein: „Gud dag – Gud signe! Svar: Gud dag – takk for sist „Takk for sist!" Svar: Sjölv takk for sist, au! når det var slekt og kjende.

4. Kvinner og menn og born same framferd. Inga letting på hatt ell. hùve, ell. neiing av gjentene. Dette er samleis enno, om no borna har lært bukke og neie, så held dei vaksne sin stive haldning att.

5. Når det gjeld framande folk: Sit hatten og hùva litt lausare for det har vore vane å ta opp i hùva for presten og lensmannen og lette på hatten, og so prövde dei å seie I og Jer. Men dette kryperiet ville ikkje presten Greve 1870 år, seie noko av.

Knut Ånot hadde lett for å danske. Lensmann Lind kom inni marka hans: „Hva tror I lensmann om den stenen her, tror I han er kommet fra fjellet, eller er fra Syndflodens dage?" „Nei, jeg vet ikke, jeg tror han er kommet fra fjellet." „Nei, det tror ikke jeg. Jeg tror han er fra syndfloden av."

7637

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6. I Kontoret til presten toke ein av huva, hatten, ūtanfor og bantsa på og stod so med hūva i handa med ein tala med presten på kontoret, for å vere höfleg og ūnderdanig. Og så sa dei presten (han) ell. I og Jer.
7. I kvardagsklede berre helsa ein med ord og toke ikkje til hūva.

8. Handhelsa med kyrkja på slekt og kjende. Hadde ikkje roa god om ein ikkje hadde helsa. Abraham Kjösnes kom ofte oppi urda der hesten vår stod, for berre å helsa på far, med kyrkja." Når ein gjekk oppi stolen sin i kyrkja, helsa ein i handa på dei i stolen, dei framanfor og dei i stolen attanfor, ein nådde til. Ei ūng kone som viste seg kone fyrste sūndag etter brūdlaupet gjekk ilag med mannen sin opptil stolen åt vermora, med dei av brudlaupsfylgjet som måtte vere tilstades, etter seg, so sette mannen seg i Karastolen til högre, med kona gjekk forbi hine konene i stolen, helsa og sette seg lengst til vinstre på benken – Soleis i allefall til 1900. Trūleg framleis i nokon mun.
Kom ein til lag, brudlaup, barsöl, jordferd eller vanleg gjestebod helsa ein (enno) oppi handa, på borna òg, so nær som radt små.
9. Stod ein og prata i godt lag, kūnne ein lo og klappa på oksla

7637

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Men vi reknar dette no for ein uskikk, liknar på fuilskap.
10. På Hurus - Helgheim, der kyrkja står, måtte ein vere gådde av åkeren ell. böen når klokkene ringde helga inn, pinsaftan. Var det jordeferd, sette arbeidsfolk på akeren seg ned og sat til ein var ferdig på grefta. Mennene tok til hatten, ell. lette litt på 'n når dei höyrde kyrkjeklokka ringde. Men det har ikkje vore vanleg sidan 1890 - åra. Det er ikkje alle som kjenner til den skikken av dei eldre. Kom karane inni kyrkja, sette dei seg ned på benken attmed stolen, böygde seg og las i hatten (luva); la han so i glaset og gjekk i stolen og helsa med handa på kine, like til siste åra. Kvinnene böygde halvt kne og bad i stolen, leste hendene og lutte hovudet.

11. Ved likfylgje slutta ein med arbeidet, med det for forbi, og stod andektige. Kjenningar som måtte stå ved vegen, kunne få av ölkaggen. „Eg har ein liten gatte som pessar litt," kunne ein mann seie i ei jordeferd 1900; han baud på öl i — „ — til far sin midvegs til kyrkja. Elles var vegen så lang at dei hadde med litt kleint mat og eit spekeskjöttlår, og gav klokkar og ringjar og nyleg oppmåtte av otta



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med kyltja.
Brudlaupsfylgje som for bi gjennom fekk salütt, og dei kümme få skjenk til takk.
Elles kraa falk seg i hop for å
„sjå på brüra," som det heiter enno.
Men helst var det den sündag dei viste seg mann og kone og tok mot foræringer med kyltja at brudfolka traktera, og dei fenge danse med brüra der.
Likfylgja song kraftig for kvar gard dei fór forbi. Såleis Knut Arndt var vaner å syngje då.
12. Ein godsnakkar med dyra som: „Oh, då toba!" og klappar merra i stallen. Helsar dyra i fjøset om jüledagane: Gü tukkar, kyr, ukse! I dag er det julaftan, jüledag v.s.b. Mjölka kyrne tidleg jülaftan, so det skülle bli nokso til küldrene aü. Kom ein so i fjøset seinare på kvelden kümme ein höyre kor mjölka strøymde av spenane i bytta. Det var gamle Knut i Bakken her som slutta med å leggje beisl på hestane jülaftan. Han ville pröve om dei stod utan å sveitte, og det gjorde dei, kring 1850.

13. Helsa „Gü moren" tidleg före besken kl. 9-10. So „Gü dag" fram til non kl. - 15-16. Sidan Gü kvedd og godnatt når ein skildest, eller vanleg: „farvel!" Så fylgde ein vedkomande om döra - ut på tunet.

7637

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„God middag!" har ein telse til å seie no, men det er ikkje vanleg utanom Kulen.
14. Lærar Aune var her 1890. Han helsa folk „godmoren" heile dagen og om han råka folk fleire gonger same dagen, alt same: „Gomorn!" er no mykje nytta, men ikkje godkjendt, heller ikkje: adjö - adjö! Ein svarar gjerne med „godmorn" eller med gudday elles berre nikkar „ja, gumorn!"
15-16. Det er meir ujamt med helsingane. Helst snakkar ein litt om veret.
17. Kom grannar på vitjing i stova helsa ein: „Gukveld - Guds fred i huset" - Svar: Gukveld att! Takk!
Signe arbeidet! - Signe kvila! om ein sat - „Takk!" - Elog: „Til lukke med laget! no - Eller: „Til lukke med dokka føretak!"
om det var eit brudlaup, før: „Signe maten! ell. Signe spissen! var mykje bruka for 30-40 år sidan
Gud signe deg! Takk!
„Velbekomme spissen", maten! att „Takk! ell. „ver so god!"
„Gud velsigne dokka tilstand!" sa ei gamal kone til dei som hjelpte henne (borna i huset).
Måtte ikkje helse „Velbekomme spissen!" om folk ved bordet hadde lagt frå seg skeia, og var ferdige gå frå bordet; for då var nokon feig.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

18-19 Gud signe, deg! Takk og sikkar.
Ein helsar ute og inne: Ja, gudda
når ein kom inni stova. „Dei må sjå
å få sitje!“ - „Å, takk! det er rid til di.“
„Du er so flittige?“ (ell. Flittige
mann!). „Å ja, eg skulle meine da.
Mest for mykje tenkjer eg.“
20. „Nei, det er vel best eg ser kome
meg heimatt.“ „Å du bekjeme no da!“
„Kunne eg få snakke eit par ord med
deg åleine?“ Dei går ut: „Farvel!“
farvel. „Godnatt - godnatt.“
21. Ein banka ikkje på før ein gjekk
inni stova. Ola Vikan, lærar og ordfør.
kr. 1910, kom inni stova vår utan å
22. kakke på. „Kom inn!“ seier ein
til bankaren, ell. Versogod!
Dei let so att døra etter seg og helsar
Før ein går att, helsar ein farvel og
tek i klinka. Ein fylgjer dei om Døra, ut.
23. Ein kunne gå midt fram på golvet
før ein bad han „sjå å få seg ein sesse“
„Vilkje du setje deg ned på?“ Ja, eg
veit 'kje kva de vil,“ sa Zak. Høyvik
Dei hadde gløymt bede han setje seg
24. Tok ikkje huva av seg i stova
før, men stod til ein bad sitje
inna på benkjen. Dei hadde lite stolar
før. Men no: „Få deg ein stole!“
25. Skal 'kje du sitje ned på?
„Sjå få deg ein sesse!
26. Alle vart helsa likt, og born og framande
27. Dei vart helsa som andre og bedde
inn å setje inna i benken. Han
28. var alltid nydig og rein for framande.

7637
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

29. Gjester: „Gudday - Takk for sist!“ „Sjølv takk for sist. Velkomne! (til lagel)!“
30. Vanleg: Gudday! - Gudday att! Farvel! - farvel! el. Godnatt - godnatt
31. Ved skilnad: Farvel og handhelsing, lenger: „De må no leve vel då!“
a) Stuttare reise: „Lukke på reisa!“ - „Velkomne frå kyrkja!“ „Velkomne heimatt!“
b) „Farvel, ha det bra!“ „Takk. Og deg må leve vel! Farvel
32. Ikkje kyss til farvel 33-34
Kunne gje borna munnen, mor og barn: „gje dei munnen“.
35. Kyste ikkje på handa, eller eiga hand
36. Borna takka oppi handa for give „Gjev meg noko fint då, stryke med handa på kjaken! (til born)
Mora kunne setje nasen mot barnet si nase. Dei har ein leik her: „Byte nose“. „Eg tek nasa di!“
Knip om nasa til barnet, stikk tommelen mellom peikefing og langemann og syner fram „nasen“ til barnet. Det gret „Du skal få nasa att!“ Og dei knip om nasa til barnet
40. Dette gjer mora eller andre born som passar barnet.
41. „No skal eg ta nasa di
42. „Kom med kjaken din!“ seier mor eller nokon i mors stad. Berre vaksne og born. 43-44 Lukke på reisa (turen)!
Eg gratulerar med dykkar fríetak!
Til lukke med laget! Gratulerar med ringen! Brudfolk helsar ein no: Til lukke!

7637
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

45. Dei sa: God jul! og handhelsa kjenningar. Dei svara: Takk i ligemåte! No helst: Takk, det same! Samleis: Godt nytt år! Takk! ell svarar: Godt nyttar, ja!
Ved barnefødsel ynskte ein til lukke med nye auge eller med smått (småfolk). Den og den har fått smått
Når Knut Arnol kom til grannen i brudlaup, helsa han på gjestene og sa, då han var litt sein: „Ja, nå har jeg redet senger i stuen og på salen Men i brudehuset har jeg ikke vært Men jeg har tenkt meg derhen; ikke for de gamles skyld, men for de unges, det æredes brudepars skyld." – Det var ei skam reise på eit lag utan å takke for seg hos vertsfolk og gjester: Takk for meg! til vertsfolk og takk for laget, til hine.
46 No seier sume kondolerar til syrgjande, men før berre helsa ein still og heldt handa lenge til syrgjande.
47. Dei svara takk.
48. Å takke på vegne av avlidne er heller nytt, og kan råke til no.
49. Vanvyrdnad viste ein ved å geipe flire ell. greine med nasa, gjere mine, sjå til sides eller teie og inkje svare noko.
50. Ein seier vanleg berre du til jamlikar og grannar. Men De til foreldre og gamle. Og De til framande og högvyrde, som O og Jer til prest og lensmann før.

7637

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

51. Istaden for „han" eller ho solis kan ein seie „presten, lensmannen må forstå dette" – i samtale med dei. Dette veit han vel, t.d. Dette med presten, lensmannen ist. for han, vert nok mykje bruka enno, ist. for De, som ein kanskje kvider seg for nytte når ein helst skal vere dus.

No tek det til å bli mindre bruka De til foreldre og gamle. Men kanskje jamnare til alle slag framande; ikkje berre storfolk, altså.

I boka om presten S.H. Friis og J.A. Friis (prof.) dagboka s. 119 fortel sistn. frå Hallingdalen at kona til verten Ola Gjerland var det vakreste bondekvinnemennesket han hadde set. Men ho hadde hang til å danske: „Nu udkommen a kjirkea. Nu ska I inkje ha Jer litt å ete." 1840 åra

Ein annan versjon av Knut Åmots samtale med lensmannen ca. 1890 åra: „Nu kva tror I Jer lensmann denne skeien er fra Jeg tror han er fra syndfloden av Nei, jeg tror han er fra fjellet." – Ja, det tror jeg og, han er fra fjellet.
– Knut Åmot danska og i telefonen Og då ein ville kjøpe grisungar, galte nekta han at han hadde ingen galter. Det var nett det han hadde, men dei var'kje fine nok i telefonen.

7637

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING